

Kommentarar til prognoseinntaket

Vg1 Bygg- og anleggsteknikk:

Bakgrunnstala opnar for to klassar, det har skulen kapasitet til og det vil vere viktig for å oppretthalda eit godt og bærekraftig lærings- og fagmiljø. Skulen har eit godt samarbeid med lokale bedrifter og mange av elevane våre får også læreplassar via utplassering.

Vg2 Byggteknikk:

Her kan vi auke ant. al elevplassar frå 12 til 15 elevar i Vg2 klassen.

Vg1 Helse- og oppvekstfag:

Vi har god kapasitet til å oppretta ein ekstra klasse og med 25 primærskolar er det også grunnlag for det. Dette gir et godt grunnlag for god rekruttering til våre vg2 klassar.

Vg1 Teknikk- og industriell produksjon:

Skulen har eit godt tilrettelagt tilbod der samarbeid med næringsliv og praksisveker står sentralt i opplæringa. Ludvigsen utvalet seier at læring i djupna vil ha ein heilt sentral plass i framtidens samfunn; elevane må kunne omsetja kunnskapen sin i praktisk arbeid og Arna vgs legg stor vekt på at elevane kan gå i djupna ved at dei kan arbeida med programfaga i heile veker om gangen.

Vg2 Industriteknologi:

Elevar ved Arna vgs har mykje praksis. I tillegg til opplæring på skole, er dei fleste elevane utplassert i industriverksemder kvar 4. veke i faget "Prosjekt til fordjuping", gjennom heile skuleåret. Dette er ei ordning som både elevar og verksemder er svært nøgde med. Gjennom denne ordninga får elevar og lærarar eit nært samarbeid med industrien og mange elevar skaffar seg lærekontrakt. Skolen har eit stort kontaktnett innan mekanisk industri, næringsmiddelindustri og bilbransje. Verksemder som vi samarbeider med ligg over heile Hordaland f.eks. Voss, Vaksdal, Askøy, Sotra, Bergen vest, Bergen sør og Arna. Modellen vår ligg tett opp mot målsetjingar som sentrale myndigheiter også vektlegg:

"Eitt av regjeringas hovudmål for yrkesfagløftet er å få til eit tettare samarbeid mellom vidaregåande opplæring og arbeidsliv, så arbeidslivet får den fagkompetansen det er behov for og ungdommen får utnytta evnene sine gjennom fag- og yrkesopplæringa. Regjeringa vil ha ei yrkesopplæring som skal vere meir relevant og fleksibel enn den vi ser i dag. Elevane skal møte arbeidslivet og yrka dei utdannar seg til tidlegare og oftare enn dei gjer i dagens hovudmodell. Det kan skje gjennom vekslingsløp, eller ved at meir av opplæringa går føre seg ute i bedrift."

<https://www.regjeringen.no/no/tema/utdanning/grunnopplaring/innsiktsartikler/yrkesfagloftet/skole-og-arbeidsliv/id2466599/>

Arna som skulesenter med eit breitt fagtilbod

Syner til regional plan for attraktive senter i Hordaland 2015 - 2026. I Tabell 1.2 s. 16 i regional plan - Regionsenter i Hordaland - der det står at "Kommunane Osterøy, Vaksdal og Samnanger kan nytte relevante regionale funksjonar i bydelssenteret Indre Arna"

Vidare s. 34: "Alle regionsentra bør ha breie skuletilbod som er godt dekkjande for regionen sine behov, og som gir godt grunnlag for samarbeid med næringslivet og for livslang næring."

HFK satser også på yrkesfag. Det er derfor viktig at skulen får halde på mangfaldet i programfagtilboda for å ha eit stabilt og variert tilbod til ungdommen i Arna og omland i trå med regional plan.

Ein del elevar ved VG2 hos oss har søkt påbygg frå hausten av. Dei gav klart uttrykk for at dei ville gå på Garnes vgs og vart skuffa når dei skjønar at tilbodet var nedlagt frå hausten av. Vi vil derfor oppmoda om å oppretta dette tilbodet i Arna igjen slik at ungdomen kan fullføra 3 år i nærmiljøet sitt.

Skulens fagkompetanse på TIP

3 nye faglærar har vore frikjøpte av HFK for vidareutdanning på Bergen tekniske fagskule over ein 2 års periode. I tillegg har ein av desse fullført PPU, og ein byrja på PPU hausten 2015. Skulen har altså i samarbeid med HFK lagt ned mykje ressursar på å utvikle kompetansen ved avdelinga.

Skolen har sidan 2010 fått tilført midlar til 6 nye manuelle dreiebenkar , 1 fres og 1 CNC dreiebenk. På sveiseverkstaden er det til dels nytt sveiseutstyr. Skulen har felles verkstader for VG1 og VG2 TIP i tillegg til laborasjonsrom.

Vi ser det som lite formålstenleg å leggje ned avdelinga på grunn av lav konjunktur i oljesektoren. Som vel kjent, rekruttera TIP til mange fagområde, og skulen har solid fagkompetanse og utplasseringsavtalar med mange lokale og allsidige verksemder i Hordaland innanfor landbasert mekanisk industri.

Det er også ein mogeligheit å fylle opp klassane både på VG1 og VG2 med elevar som ikkje har ungdomsrett, eller må ha eit to-årig løp av ein eller annan grunn. Skulen har også motteke tre søkjarar etter individuell behandling ved TIP, to ved Vg1 og ein ved Vg2 Industriteknologi. Skulen vil kunne gje desse tre eit godt tilrettelagt fagleg tilbod i nærområdet sitt der dei og kan få prøva seg i aktuelle verksemder.

Vi syner også til at avdelinga nesten ikkje har fråfallselevar. Dette indikerer at skulen har eit godt læringsmiljø ved TIP, både det sosial- og fagleg-pedagogiske miljøet er svært bra. Elevundersøkinga gjev oss ein god indikator for læringsmiljøet ved avdelinga og den syner grøne verdiar innan svært mange område.

På vegne av Arna vgs,
Marianne Rolland Løvskar
rektor